

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 10.12. 2015

**SAKSHANDSAMAR:** Terje Vareberg

**SAKA GJELD:** Vurdering av administrerende direktør og regulering av lønn 2015

**ARKIVSAK:** 2012/636/

**STYRESAK:** 128/15

**STYREMØTE:** 10.12. 2015

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Administrerende direktør si lønn blir regulert opp med x % med verknad frå 1. januar 2015.

## Oppsummering

Etter helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerende direktør. Ein del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet administrerende direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for det regionale helseføretaket.

Det høyrer til styret å fastsette lønn til administrerende direktør, jf. Helseføretakslova § 36.

## Fakta

I styremøte 03.03.15 – sak 024/15, vedtok styret instruks for styret og instruks for administrerende direktør i Helse Vest RHF. Styreinstruksen omhandlar både styret si eigenevaluering og evalueringa av administrerende direktør.

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør blei vedteken i styremøte 22. juni 2011 – sak 079/11 B. Skjema for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør er utfylt elektronisk av alle styremedlemmer i forkant av styrebehandlinga, og oppsummering er sendt ut til styremedlemmene i forkant av møtet.

## Kommentarar

Sjølv om saksførelegget i saka ikkje er unntatt offentlegheit, rår styreleiar til at saka blir behandla i lukka møte. Ein visar til Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd. nr. 1 som mellom anna har til formål å gi moglegheit for fortruleg diskusjon i saker der det er reelt og sakleg behov for det.

Vedlegg:

**Vedlegget er u. off. jf. offentleglova § 14 første ledd**

Oppsummering - Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør.